



MØTE I NORDFJORD VASSOMRÅDEUTVAL

REFERAT

Tysdag 3. oktober 2017 kl 18:30

Stad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

Frammøtte:

Bjørn Henry Martiniussen	Bremanger kommune adm kontakt
Stanislawa Voldsund	Eid kommune adm kontakt
Jacob Andre Sandal	Jølster kommune, politisk medlem
Veronica Hatlenes	Selje kommune, politisk medlem
Kristian Nave	Selje kommune adm kontakt
Monica Kråkenes	Vågsøy kommune, politisk medlem
Odd Robert Solvåg	Vågsøy kommune, adm kontakt
Øystein Solheim	Vågsøy kommune, adm
Staffan Hjohlman	prosjektleder

Forfall:

Åse Leirgulen	Bremanger kommune, politisk medlem
Kirsti Ohrvik Olsen	Eid kommune, politisk medlem, vara også meldt forfall
Arnar Kvernevik	Gloppen kommune, politisk medlem
Per Ove Fossheim	Gloppen kommune adm kontakt, ingen vara er utpeika
Ola Inge Seljeset	Hornindal kommune, politisk medlem
Ståle Hatlelid	Hornindal kommune adm kontakt
Solfrid Trå	Jølster kommune adm kontakt, meldt forfall
Frode Briksdal	Stryn kommune, politisk medlem
Odd Rønningen	Stryn kommune adm kontakt, meldt forfall

Innkalling:

Innkallinga vart sendt 21.09 berre til representantane frå kommunane med kopi til varamedlemane. Saksliste med vedlegg vart sendt til dei innkalte og varamedlemar med epost 28.09.2017.



SAKSLISTE

Orientering:

Søknad frå Hornindal kommune om midlar til overvaking av Hornindalsvatnet i høve eventuell utlekking frå dumpa bilvrak. Søknaden vil bli behandla av prosjektgruppa for Nordfjord vassområde (administrative kontaktar i kommunane).

Sak 1-2017 Årsmelding 2016

Prosjektlear oppsummerte årsmeldinga, som var sendt dei innkalte 28.09.2017.

Prosjektgruppa for Nordfjord vassområde vurderer om det også skal utarbeidast aktivitetsplan for 2018. Denne vil i tilfelle vil bli lagt fram for vassområdeutvalet på møte mars-april 2018.

Sak 1-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet godkjenner årsmeldinga for 2016

VASSOMRÅDEUTVALET 03.10.2017

Sak 1.2017 VEDTAK

Prosjektlear sitt framlegg vart samrøystes vedtatt.

Sak 2-2017 Rekneskap og budsjett

Førebels rekneskap viser at inntektene samsvarer med budsjettet i prosjektplanen for 2016 – 2021. Vassområdet fekk etter søknad 120 000 kr i støtte frå Fylkesmannen til arbeid med den trua arten elvemusling i Sogn og Fjordane. Store deler av prosjektet vart gjennomført i 2016, men kostnader vart ikkje rekneskapsført same året. Kostnadene er difor lagt inn i budsjett for 2017.

Nordfjord vassområdeutval deltok i 2016 i eit spleiselag med NVE, Fylkesmannen, Statens vegvesen og Sogn og Fjordane Energi, som omfatta kunnskapsinnhenting og biotoptiltak i Bortneelva i Bremanger kommune. Beløpet er ført i rekneskap og budsjett 2016 på posten Biotoptiltak vassdrag.

Førebels rekneskap viser at utgifter til prosjektleiing, møter/reiser/kurs og vassanalysar/overvaking ligg innanfor budsjettet. Rekneskapen syner eit overskot i 2016 på ca. 234 000 kr (beløpet er ikkje endeleg stadfesta). Overskotet er overført til fond, og øyremerka til vassforvaltning i Nordfjord vassområde.

Nordfjord vassområde



Førebels rekneskap og budsjett for Nordfjord vassområdeutval 2016-2017.

per 19.09.2017

	2016 Budsjett	2016 Rekneskap	2017 Budsjett
UTGIFTER			
Prosjektleiing	370 000	361 055	370 000
Møter, reiser, kurs	100 000	66 129	100 000
Vassanalysar, overvaking	300 000	74 032	300 000
Biotoptiltak vassdrag	80 000	80 000	
Trua arter			120 000
INNTEKTER			
Frå kommunar	-385 000	-385 000	-385 000
Frå fylkeskommune	-385 000	-310 000	-385 000
Frå stat til overvaking			
Frå stat til trua arter		-120 000	
Avsetning(-)/bruk(+) fond	80 000	-233 785	120 000
Saldo pr 01.01.	1 031 454	1 031 454	1 265 239
Saldo pr 31.12.	951 454	1 265 239	1 145 239

Sak 2-2017 PROSJEKLEIAR SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vassområdeutvalet tar rekneskapen for 2016 til vitande.

Vassområdeutvalet godkjenner budsjettet for 2017.

VASSOMRÅDEUTVALET 03.10.2017

Sak 3-2017 VEDTAK

Prosjektleiars sitt framlegg vart samrøystes vedtatt, med følgjande merknad:

Prosjektleiars skal legge fram endeleg rekneskap på seinare møte i vassområdeutvalet. Det endelege rekneskapet skal vere revidert etter gjeldande reglar. Rekneskap 2017 vert å behandle i vassområdeutvalet mars-april 2018 saman med budsjett 2018.

Vedlegg:

Årsmelding 2016 for Nordfjord vassområdeutval